



- ★ **IKKJE LENGE IGJEN TIL CROSSROAD!**
- ★ **VESTLANDSVEGAR 18**
- ★ **INSPIRASJONSHELG FOR KVINNER**
- ★ **TID FOR VINTERLEIR**
- **sjå baksida for informasjon!!**



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

# Helsing frå Lyngmo

Godt nytt år!

Nyttårsaftan var det 51 gjester som feira overgangen til 2018 på Lyngmo. Det var pyn- ta til fest og kjøkkengjengen hadde gjort seg føre og varta opp med eit skikkeleg fest- måltid. På ein slik dag var det også naturleg at borna fekk sitt eige bord med pølser, pommest-frites, pizza, frukt og anna god mat! På same måte som eit år glir over i det neste, så glir sesongane over i kvarandre her på Lyngmo. Drifta strekker seg over heile året, og med over 40 helgar og ca. 230 dagar med aktivitet er det ikkje mange periodar me kan kalle for rolege. Rundt nyttår er det likevel eit lite kvileskjær med litt færre ar- rangement. Når den rolege perioden kjem skal den helst nyttast til avspasering og sam- stundes skal me ta hand om kontorarbeid som vert lagt til side resten av året. Til dømes er oppdatering av brannrutinar, med repetisjon og brannøving for dei tilsette noko me har brukt tida på siste månaden. I tillegg har Kjetil, Rannveig og Endre evaluert leirarbeidet. Det er lagt planar for leirarbeid komande år og forhåpentlegvis vil pla- nane inspirere ennå fleire til å komme på leir. Ein avgjerande faktor i leirarbeidet er at me har nok leiarar og at leiarane er flin- ke til å invitere med seg born på leiren. Dersom du får spørsmål frå leirnemnda om å bli med håpar me at du er positiv! Det er eit verdifullt arbeid, som også gjev mykje tilbake til dei som er med!

Ei spennande nysatsing denne vinteren er Crossroad. Det er ein leir / festival for 8.klasse – 3. vgs. Den tradisjonelle vinterlei- ren på Lyngmo er slått saman med vinter- leiren dei har i Fjordane. Då vil vegane for

ungdommane kryssast og det vert ei stor- samling for ungdommar frå heile fylket på Lyngmo 9. – 11. februar! Me gler oss til ei flott helg, der kvaliteten på det meste er løfta eit hakk, samanlikna med ein ordinær leir.

## Vedlikehald

I haust har me gjort ein del vedlikehaldsar- beid på personalbustaden. Me har skifta innreiing på kjøkken og bad. I tillegg er eine stova blitt god som ny, med nytt golvbelegg og alle andre overflater har blitt måla. I til- legg har fleire vindauge blitt skifta. Ein flott gjeng med dugnadsfolk har gjort mestepar- ten av arbeidet, i tillegg til noko innleigd hjelp! Fantastisk kjekt å tilby flotte leilighe- ter til flyktningar som er busette i Luster kommune. Vær med og ta godt i mot desse i bygda og på Lyngmo!

## Parkeringsplass, leikeplass og Gjensidige- stiftelsen

Tidleg i haust gjorde me eit større arbeid



*Området utanfor internatet er klargjort til å byggje leikeplass på!*



utvendig, der me ordna parkeringsplassen utanfor internatet. Det vart også murt opp og klargjort eit område til leikeplass for dei minste borna. Også her var det ein god dugnadsgjeng som stilte opp! Nokre av desse er med på biletet. Like før jul fekk me ei super gåve på 121.250,- frå Gjensidigestiftelsen. Pengane skal nyttast til utstyr og sikring av

leikeklassen. Fantastisk at nokon ser verdien av å driva arbeid blant born og ungdom! Tusen takk! Leikeklassen er planlagt ferdigstilt til sommaren 2018.

### Fred

Eg håpar at me alle kan møta kvarandre med fred og gode ønsjer det komande året. Trua vår er på ein allmektig Gud og me håpar at de vil be saman med oss for borna som kjem på leir. Lat dei kjenne at det er godt å vera på Lyngmo.

Vårt ønskje er at borna får bli kjende med verdas Frelsar – Han som ønsjer å gje kvar enkelt sin fred inn i vår travle og, til tider, utfordrande kvardag!

*«I fred vil eg leggja meg ned og sova. For du, Herre, berre du lèt meg kvila trygt.»*

Salme 4,9

-Kjetil-

## Glimt frå leirlivet 2017



Over: Padlekonkurranse på ungdomsleir

Til høgre: Anette set ny Lyngmo-rekord i tårn-bygging!

Er det trening til å stable lefsekling i konfirmasjonsselskap til våren?



# Leirtravaren

**Namn:** Ella Orrestad

**Alder:** 11 år

**Kva er kjekt på leir?** Kiosk

**Kvifor kjem du på leir?**

For å ha det kjekt og å læra om Jesus.

**Har du eit artig minne frå leir?**

Då eg lurte Endre (leirsjefen) på leirkvelden. Endre trudde han skulle mime hans første time hjå tannlegen, men til publikum sa eg at det var hans første kyss.

**Takk for intervjuet! :)**



23. - 26. MARS

## PALMEHELGA 2018

FAMILIELEIR PÅ LYNNGMO

### Velkommen

Det er fjerde gangen det vert arrangert familieleir i palmehelga på Lyngmo og me kan trygt seie at dette har blitt ein tradisjon! Leiren er mest tilrettelagt for barnefamiliar med born opp til ca. 12 år.

### På leiren kan me friste med

- ⇒ Familiesamling
- ⇒ Barnemøter
- ⇒ Bibeltimar for vaksne
- ⇒ Ski og aking i Sogn Skisenter
- ⇒ Tur til Lustrabadet
- ⇒ Leirkveld

### Meld deg på!

Prioriter denne helga saman med familien! Meld deg på til Lyngmo:  
\* [lyngmo@lyngmoinfo.com](mailto:lyngmo@lyngmoinfo.com)  
\* [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)  
\* 57684366

9. - 12. MAI

# VESTLANDSVEGAR 18

LYNGMO

## Vestlandsvegar 18

9. - 12. mai arrangerar me på ny sykkelleir for menn. Lyngmo vert plassen for å kombinera leirlivet med sykkelturnar i vakker natur i Sogn. Her er plass for syklistar med ulik erfaring og fysisk form. Me sykklar saman på turar med ulik

vanskelighetsgrad!

Med oss som talar har me fått med oss Asbjørn Handeland. Set av dagane allereie no!

Info: [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)

Påmelding : [ungdom@lyngmoinfo.com](mailto:ungdom@lyngmoinfo.com)



## TALER: INGVILD HELLENES

**PÅMELDING**  
[WWW.LYNGMOINFO.COM](http://WWW.LYNGMOINFO.COM)

**LYNGMO**  
9.-11. FEBRUAR

## Crossroad - 9. - 11. februar

Crossroad er for deg som går i 8. klasse til og med 3. klasse på vgs. Helga 9.-11. februar gjer vi oss klar til ein leir for alle ungdommar i fylket! Me kan friste med mykje kjekt som du ikkje vil gå glipp av!

Meir informasjon finn du på

◇ Heimesida [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)

◇ Eige Facebook-arr: «**Crossroad 2018**».

## Me kan friste med

- ⇒ **Lovsongsteamet Refuel**
- ⇒ **Taler av Ingvild Hellenes**
- ⇒ **Tur i skibakken eller til Lustrabadet**
- ⇒ **Ungdommar frå heile fylket**
- ⇒ **Midnatts-bandy**

# Dette skjer på Lyngmo:

## JANUAR 2018

25. Småbarnstreff

## FEBRUAR 2018

1. Knøttekor og torsdagsklubb

8. Småbarnstreff

9. - 11. Crossroad

15. Knøttekoret og torsdagsklubb

16. - 19. Leir for 4 - 7 klasse

24. Songkveld med HATIKVA

## MARS 2018

1. Knøttekor og torsdagsklubb

2. - 4. Dameleir

8. Småbarnstreff

15. Knøttekor og torsdagsklubb

16. - 18. Leir for 2 - 4 klasse

22. Småbarnstreff

23. - 26. Familieleir

28. - 1. Påskeleir

## APRIL 2018

5. Småbarnstreff

6. Vårbasar

8. Barnas supersøndag

12. Knøttekor og torsdagsklubb

14. Årsmøte Israelsmisjonen

19. Småbarnstreff

20. - 22. Regionsårsmøte NLM vest

26. Knøttekor og torsdagsklub-

ben (sommaravslutning)

27. - 29. Ordet og Israel

## MAI 2018

3. Småbarnstreff

9. - 12. Vestlandsvegar 18

24. Småbarnstreff

28. - 31. Vi over 60

## JUNI 2018

8. - 10. 4 - 7 klasseleir

15. - 17. 2 - 4 klasseleir

25. - 27. 7 - 10 klasseleir

### Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart gitt i samband med gravferdene til Selma Rauboti og Elsa Nes!

## Inspirasjonshelg for kvinner. 2.-4. mars

Dette er ei ekte kvinnehelg, der målet er å verte inspirert av Jesus og av kvarandre!

Det vert ei avslappande helg på Lyngmo med ferdig oppreidd seng, nydeleg mat, lovsong og hyggelig samvær. Aud Rose blir med oss for å ha spennande seminar.

Eili og Magni leiar lovsong som tidlegare år. Denne damehelga er plassen å reise dersom du ønskjer å lade batteria og samstundes få godt åndeleg påfyll!



**For påmelding og informasjon: [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com) / [www.lyngmoinfo.com](http://www.lyngmoinfo.com)**

# Julefest med Torsdagsklubben og Knøttekoret



Torsdag 4. januar vart det arrangert juletefest på Lyngmo. For oss i staben på Lyngmo markerer juletefesten avslutninga på julefeiringa og juleteet vart nytta ein siste gang før teet vart



rydda ut for i år. På juletefesten inviterer me spesielt dei som går i Knøttekoret og på Torsdagsklubben til å komme.

Juletefesten er tradisjonell og har med dei faste elementa med juletegang, julesongar, loddtrekning og andakt. Alle borna som ville delta fekk utdelt kvar sine figurar frå juleevangeliet. Dermed fekk alle vera med på å lage Lyngmo sitt heilt spesielle bilete av juleevangeliet!



Me i staben på Lyngmo vil nytta høvet til å takke dei faste leiarane som er med på Knøttekoret og på Torsdagsklubben for den trufaste jobben dei gjer som leiarar i barnearbeidet!

## Sommarjobb på Lyngmo?

### Er du over 18 år?

#### Arbeidsoppgåver:

- Vakt på camping og i resepsjon
- Ta imot turistar og yta service til gjestene våre
- Reinhaldsarbeid
- Ansvar for å lage frukost til gjestene

- Elles førefallande arbeid ved campinga, samt praktiske oppgåver utanom dei ovarfornemnde (måling, lusing, plenklipping o.l.).



**Lyngmo søker positive  
medarbeidarar til Team  
Lyngmo!!**

"NORGE P.P."

**B** ØKONOMI  
ÉCONOMIQUE

Returadresse:  
Lyngmo Ungdomssenter  
Lyngmo 21  
6869 Hafslo  
Telefon: 57684366

E-post:  
lyngmo@lyngmoinfo.com  
Heimeside:  
www.lyngmoinfo.com  
Gåvekonto: 3000.32.79177

# VINTERLEIR 2018

9. - 11. februar Crossroad (8kl.-3vgs) 705,-  
16. - 19. februar 4-7 klasse 810,-  
16. - 18. mars 2-4 klasse 560,-

For påmelding og informasjon:  
[www.lyngmoinfo.com/leir](http://www.lyngmoinfo.com/leir)  
E-post: [bua@lyngmoinfo.com](mailto:bua@lyngmoinfo.com)  
Tlf: 57 68 43 66

*Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbei-*

*dar på Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne løysingar for sponing i slike saker.*

## Me ønskjer å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

